



Uskedal Musikklag har vore ein fast gjest på julefesten i Vonheim, men ikkje i år.

Det vart ei annleis jul i år med restriksjonar og avlysingar. I Uskedalen var det på det mest sju julefestar. Dei siste åra har det vore to julefestar i tillegg til avslutningar på skulen og i barnehagane. Julia 2020 er på mange måtar historisk ved at det ikkje er samlingar av noko slag, heller ikkje julefestane i Vonheim og på Bedehuset.

Som eit juleminne kan vi ta med slik det var i åra etter krigen med sju julefestar i jule- og romjulsveka.

1. Uskedal Fråhaldslag: Julefest 2. juledag i Bedehuset
2. Haugland skule med sin barnefest 3. juledag i Vonheim
3. Uskedal skule med julefest 3. juledag i skulen, bedehuset og på slutten i Helgheim
4. Haugland og Musland Grendalag hadde sin julefest 4. juledag i Vonheim
5. Uskedal Ungdomslag med sin 5. dagsfest
6. Uskedal Indremisjon: Julefest på Bedehuset 1. nyttårsdag
7. Uskedal Husmorlag hadde ei tid sin eigen julefest.



Det er slik vi minnest julefestane med julettreet og folk på benkene i salen.

Dei siste åra har det som sagt vore julefest i Vonheim og på Bedehuset. Det er ei von om at desse julefestane kjem tilbake i 2021.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivbilete